Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Erfjord

Emne: Beit og brom Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik. Gard: Hamra

(adresse): Vik i Erfjord G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ein har og ein nyttar framleis
beit til for i vår bygd.
Beit kallar ein det. (Det er ris
og tunne kvister av bjørk me kallar
beit. Ordet brom er ikkje kjent
her. Ein kallar ikkje furubar for
beit her i bygdi. Ikkje nyttar ei det til for.
2. Me kallar det for å beita.
Ein nyttar ikkje serskilt slede når
ein hentar beit; men nyttar ein vanleg
vedasle (drogasle)
3 Her på desse gardane er mykje
bjørkeskog og det vert hogge noko
kvar vinter. Ein køyrer då heim
noko av den næraste kvisten til beit.
Det er sjeldan nokon som beitar
føre jol. Ein kan ikkje rekna beit
anna enn som hjelpefor i vanskelege
år. Det er ikkje vanlegt at ein
køyrer heim heile tre og so kvistar
av beiti heime i tunet.
4. Det er lauvkniv ein nyttar
når ein kvistar av beit.
5. Det er kyrne som får beit her. 1719
Beit får dei for seg sjølv.

6. Buita har ein inn på lô-golvet.
Buitakort høyrer ein ikkje nemt her.
Ein slepper ikkje kydne ut når di
får buit; men ber buita inn i
båsen til dei.
7. Ein kjenner ikkje til skikken
som er nemt her.

1719

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING